



Saksframlegg

Unnateke offentlegheita § 23 3. ledd

Saksnr.	Utval	Møtedato
33/20	Styret i UEKF	15.06.2020
69/20	Formannskapet	16.06.2020
86/20	Kommunestyret	18.06.2020

Nye Ulsteinvik barneskule - valg av obsjonar

Samandrag:

Saka omkring barneskulen er blant anna omhandla i KS sak 148/19. UEKF har etter tilbudsfristen på Nye Ulsteinvik barneskule motteke tilbod frå fem tilbydarar. UEKF har tilpassa anbudsgrunnlaget (som tidlegare varsla i orienteringssak 20/6397) ved å gå frå 9 klasserom ned til 6 klasserom for å komma innanfor den økonomiske ramma gitt på 75 mill kr (2019). Basert på dette ønskjer no UEKF behandling i kommunestyre omkring opsjonane i prosjektet, no som vi har meir konkrete prisar.

Styret i UEKF 15.06.2020:

Behandling:

Fellesframlegg med to nye vedtakspunkt:

4. Kommunestyret vedtek at UEKF budsjettregulerast for dei faktiske drift- og forvaltningskostnadar på bygget.
5. Styret i UEKF innstiller på punktet andre kostnadar i prosjektet aukast frå 4,9 millionar kroner til 6 millionar for byggherrekostnadar og auke i risikobuffer.

Røysting:

Tilrådinga frå dagleg leiar i UEKF vart vedteken med 4 mot 0 røyster.
Fellesframlegget vart vedteke med 4 mot 0 røyster.

UEK- 33/20 Vedtak:

Uttale frå styret i UEKF 15.06.2020:

1. Kommunestyret vel å gå vidare med opsjon Post 2.1 «TETT RÅBYGG» som gir eit økonomisk berekna tillegg på _____
2. Kommunestyret vel og gå vidare med opsjon Post 2.2 «Byggmessig innreiing» som gir eit økonomisk berekna tillegg på _____
3. Kommunestyret vel ikkje og gå vidare med opsjon POST 2.4 «Solcelle» som gir eit økonomisk berekna tillegg på _____

4. Kommunestyret vedtek at UEKF budsjettregulerast for dei faktiske drift- og forvaltningskostnadar på bygget.
5. Styret i UEKF innstiller på punktet andre kostnadar i prosjektet aukast frå 4,9 millionar kroner til 6 millionar for byggherrekostnadar og auke i risikobuffer.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kommunestyret vel å gå vidare med opsjon Post 2.1 «TETT RÅBYGG» som gir eit økonomisk berekna tillegg på _____
2. Kommunestyret vel og gå vidare med opsjon Post 2.2 «Byggmessig innreiing» som gir eit økonomisk berekna tillegg på _____
3. Kommunestyret vel ikkje og gå vidare med opsjon POST 2.4 «Solcelle» som gir eit økonomisk berekna tillegg på _____

Vedlegg:
Oversikt tilbud

Saksopplysningar:

Evalueringa er ikkje ferdig, slik at mykje kan skje i dei kommande vekene. Tildeling av kontrakt blir basert på objektive og saklege kriterium. UEKF nyttar Odin Prosjekt AS til evalueringa. Oppdragsgivar (UEKF) skal kunngjera si slutning og om kven som tildelast kontrakten og tilbydarar har høve til å klage. Basert på dette kan ikkje UEKF presentera endelege prisar, men kommunestyret kan vedta opsjonar basert på ei snittvurdering.

~~_____~~ Evalueringen avhenger av vekting av obsjoner og framdrift (dette skal Byggherre gjere).

Tilleggskostnader til prosjektet:

Årleg driftskostnad på bygget estimerast til 1.250.000 pluss finanskostnader. (Straum, reinhald, vedlikehald, serviceavtalar m.m).

Ombygging av gamleskulen er lagt på ei kostnadsramme på 6.000.000,-
Då det er radon i bygget på administrasjonsdelen, behov for bytte av ventilasjon og elektrisk, vil dette kostnadsestimatet trenge ei meir detaljert beskrivelse/beregning.

Kostandar så langt i prosjektet er på: 3.750.000,-
(Flytting og ny trafo, prosjektering, riving gml. Idrettshallen m.m)

Andre kostandar: Kr 4.900.000
(Byggherre kostnader, uforutsette kostnader, byggelånsrenter, anleggsbidraget Fjernvarme m.m).

Inventar: Kostnadsberegnet til Kr 3.000.000
Her har kommuna fått 200.000 i støtte frå Klimasats til prosjektering/planlegging for miljøvennlig inventar.

Beskrivelse av opsjonane:

Post 2.1 «Tett råbygg – akse D-H) – ~~_____~~

Her vil entreprenør byggja ei 2.etg mot øst (betongelement, vindu og tett tak). Opsjonen kan velgast alene. Den gir alene ikkje fleire klasserom, men forbereder bygget på framtidig utvidelse. Det vil være mykje billigare å gjera dette no i same byggeprosess sammenligna med å ta dette seinare.

Post 2.2 «Byggmessig innredning» (~~_____~~

Her vil entreprenør innrede fløy mot øst (akse D-H)
Opsjonen er avhengig av gjennomføring av opsjon Post 2.1.
Ved valg av denne opsjonen, må man også indirekte velge følgende opsjonar; Post 2.3, Post 2.7 og Post 2.8, totalt

Kommunestyret vil med valg av opsjon Post 2.1 og Post 2.2 (med dei indirekte opsjonane) få totalt 9 ferdige klasserom ferdig innredet for 1.-3. årstrinn.

Post 2.4 «Solcelle»

Innspelet omkring solcelle ble gitt frå Leverkår utvalget og behandlet i kommunestyremøtet i desember 2019. Opsjonen er teke inn i anbudsgrunnlaget. EL-produksjon med solcelle er tiltak kor Klimasats og Enova gir tilskot. Søknad er sendt men den er ikkje endelig behandla.

Kostnadene på solcelle forventast redusert dei nærmaste åra.
Anlegget på barneskulen vil kunne produsere 30.000 kWh/år

Fordeler:

Solcelle vil kunne levere energi til belysning. Solcelle reduserer klimafotavtrykket.

Ulemper:

Solcelle vil krevje meir knytt til drift og forvaltning. Det gjeld kompetanse, kostandar til serviceavtaler og ettersyn (kontroll på skader, festepunkter, rens). Solcelle på tak krever fleire befaringer og snømåking.

Administrasjonen i UEKF innstiller til kommunestyret at Post 2.4 ikkje tas med vidare.

Post 2.9 blir valgt bort, då det vurderast som unødvendig og våre erfaringar er at denne type tekniske installasjonar gir for mykje tekniske utfordringar.

Dei andre opsjonane, Post 2.5 - Adgangskontroll, Post 2.6 – SD anlegg, treng UEKF for å kunne drifte bygget økonomisk og effektivt.

Sentrumsparken er ikkje med i prisane.

Vurdering og konklusjon:

Det er gledelig at vi har fått mange tilbod og at konkurransen i markedet så stor. UEKF har saman med oppvekst jobbet detaljert og lenge for å få på plass eit riktig grunnlag for konkurransen.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Bete arbeidsmiljø for dei tilsette

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Som skissert

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ei ny skule

Aage Christensen
dagleg leiar UEKF